

SVIPPTUREN 2018



HJELMELAND KOMMUNE

Etter ein flott tursommar er du sikkert i toppform nå? Men slikt er som kjent ferskvare og treng vedlikehald. Så her kjem ei utfordring: I kommunen vår finst det både «hidlerar» og menneskeskapte bygg som kan gje deg ly mot vind og ver. Mange av desse kjenner du nok til og har besøkt for lengst, andre kan kanskje vera litt meir ukjende? I kvar av desse turmåla vil du nå kunne finna ei bok som du kan skriva namnet ditt i. Boka er nummerert, så dermed vil namnet ditt bli knytt til eit nummer i boka.

Den 20. mai vil me trekke 7 vinnarar til saman, ein frå kvar av desse turbøkene. Det plagsame er at jo fleire gonger du besøker dette turmålet, jo fleire vinnarsjansar opparbeider du deg.

Svippturen til dei fleste av desse turmåla er som du kan lesa av namnet, nokså kort. Hovudpoenget er derimot at dette skal vera ei gulrot for å komma seg ut i eit ofte surt, mørkt og kaldt vinterhalvår. Til desse små husværa ser me for oss at du kanskje kan invitera med deg familie, eller turvenner til eit lite grillmåltid, eller nyte medbrakt niste rundt eit lite bål? Rett og slett dyrke friluftslivet sjølv om veret er litt tvilsamt. Ved dei fleste turmåla er det nemleg mulig å grilla, eller fyra opp eit lite bål. Men sjølvsagt må du vera varsom og vurdera forholda før du fyrer opp. Du må også passa på at bålet er dautt når du går.



Svippturen – friluftsliv i vinterhalvåret

TURMÅL 1: HJELMEN HJELMELAND

Ta av frå Vågavegen ved Spar-butikken og kjør inn til P-plass slik kartet viser.

Det tar ca 30 min å gå opp til gapahuken på Hjelmen.


Her er det dessverre ikkje bålpanne.






TURMÅL 2. MARIAHIDLEREN. RISKEDALSBAKKANE ÅRDAL

Parker ved vegen ved skiltet Mariahidleren. Følg merka sti opp til hidleren. Du treng ca 40 min på turen opp.
Det er ei grue i hidleren.



TURMÅL 3. BJØDNABU HJELMELAND

Parker ved skihytta i Bjødnabu. Inn til gapahuken er det ca 5-10 min å gå enten du tek den øvre, eller den nedre vegen.
Her går det greitt å ta seg fram også for dei aller minste. Her er det bålpanne.





TURMÅL 4. RØMLINGEHYTTA BØNARDALEN ÅRDAL

Frå vegen som går opp til Røgle er det så kort sti bort til Rømlinghytta at me mest synes du bør gå frå brua ved Måmyrvegen. Men dersom det er personar med små føter med i turlaget, så er det mulig å parkere ved skiltet Rømlinghytta, som du finn på høgre side av vegen ca 300 m lenger oppe. Frå vegen her treng du ca 10 min inn til hytta. Det er ikkje bålpanne her.

TURMÅL 5. PRESTAVEGEN VED RISKEDALSVATNET ÅRDAL

Her er det ei grue inne i gapahuken.



TURMÅL 6. FOSSTEMMEN


(Jøsneset)

Historie, bilde og kart – Bålpanne

TURMÅL 7: EVENTYRSKOGEN

(Årdal)

Parker ved P-plass for Eventyrskogen. Her frå er det ca 30 min å gå opp til gapahuken. Det er bålpanne ved gapahuken..



Premiering:

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

FJELLVETTREGLANE

1. Planlegg turen og meld frå kor du går.
2. Tilpass turen etter evne og forhold.
3. Ta omsyn til vêr- og skredvarsel.
4. Ver førebudd på uvêr og kulde, sjølv på korte turar.
5. Ta med nødvendig utstyr for å kunna hjelpa deg sjølv og andre.
6. Ta trygge vegval. Kjenn igjen skredfarleg terreng og usikker is.
7. Bruk kart og kompass. Alltid vit kor du er.
8. Vend i tide, det er ingen skam å snu.
9. Spar på kreftene og søk ly om nødvendig.

